

Det gjeld **livet**

Menneske med utviklingshemming treng ofte omfattande og varige tenester, og dei får endra behov undervegs. Mange er avhengige av hjelp og støtte til det aller meste kvar einaste dag, livet ut. For at livet skal ha eit meiningsfylt innhald, må tilbodet vere individuelt tilpassa. Livsvilkår og livskvalitet er for mange i stor grad avhengig av kvaliteten på det kommunale tilbodet. Da er det ikkje godt nok at det «går rundt» frå dag til dag, men kommunen må leggje til rette eit heilsakleg, føreseieleg, tilstrekkeleg, kompetent og trygt tilbod. Mange av brukarane klarer ikkje å fortelje kva dei treng, og seie frå når noko ikkje fungerer. Det kan derfor vere vanskeleg å oppdage svikt i tenesta. Det kan få alvorlege konsekvensar. For personar med utviklingshemming med store og til dels komplekse tenestebehov gjeld det livet.

Fylkesmennene fann lovbrot i 45 av 57 kommunar i eit landsomfattande tilsyn med helse- og omsorgstenestene til menneske med utviklingshemming i 2016. Fylkesmennene avdekte blant anna:

Få spor av brukarmedverknad
I mange kommunar fann fylkesmennene få spor av at brukarane medverka i å fastsetje, forme ut og evaluere eige tenestetilbod. Føresetnadene brukarane har for å medverke, blei i mange tilfelle ikkje kartlagde, og det

blei ikkje spurt etter synspunkta deira. Det blei også peikt på at pårørande og verjer ofte ikkje var godt nok informerte til å ta hand om interessene til brukarane.

Utilstrekkelege og lite individuelt tilpassa tenester

Eit hovudfunn var at den personlege assistansen mange stader var utilstrekkeleg og lite individuelt tilpassa. Fleire fylkesmenn fann at dei tenestene som var innvilga ikkje blei gjennomførte på grunn av mangelfull bemaning. I somme tilfelle fekk brukarane ikkje dekt dei grunnleggjande behova sine på grunn av mangelfullt tilsyn og mangelfull hjelp til eigenomsorg frå tilsette. I fleire rapportar går det fram at tenestene ikkje blei gitt med utgangspunkt i behova og føresetnadene til kvar enkelt. Det er eksempel på at vedtak var lite konkrete, at det mangla aktivitetsplanar, at tilsette var dårleg orienterte om kva tilbodet til den enkelte skulle innehalde, og at tilsette ikkje hadde opplæring til å yte tenesta slik det var bestemt.

Ikkje trygge nok helsetenester i heimen

På helseområdet fann fylkesmennene i mange kommunar at det var svikt i korleis helseforholda til brukarane blei følgde opp. Opplysningane kunne vere vanskeleg tilgjengelege, og mange stader hadde tilsette dårleg kunnskap om diagnostar og andre helseforhold til kvar enkelt brukar, om kva dei skulle observere av endringar, og om kva dei skulle dokumentere. I fleire kommunar avdekte fylkesmannen alvorleg svikt i legemiddelhandteringa. Det gjaldt blant anna uklare ansvarsforhold, dårleg kontroll med utdeling av legemiddel og utilstrekkeleg kompetanse hos dei som gjer i stand og deler ut legemiddel.

Svak kompetanse og mangelfull opplæring.

I mange kommunar fann fylkesmennene at tenesteytarar hadde svak kompetanse, og at kommunen ikkje sørget for planmessig opplæring av dei tilsette. Mange tilsette kunne vere dårleg informerte og oppdaterte både om brukarane dei skulle hjelpe, og om dei oppgåvane dei skulle utføre, og korleis dei skulle gjere det.

Vegen vidare

For å lykkast med nødvendig kvalitetsforbetring av tenestetilbodet til menneske med utviklingshemming, må alle som er involverte, og som det gjeld, bidra; *brukarane og pårørande* må stille krav, spørje etter planar og melde frå, dei tilsette må aktivt følgje med og melde om feil og manglar, og *leiinga i kommunen* må aktivt spørje etter og kontrollere om tenestene blir ytte som føresett, og om brukarane får høve til å medverke i tildeling og yting av tenester.

Tema i tilsynet var

- om kommunen legg til rette for at menneske med utviklingshemming får personleg assistanse i form av tilsyn og hjelp til å ta hand om eigenomsorg, hjelp til aktivisering, og opplæring i gjeremål i daglelivet;
- om kommunen legg til rette for at menneske med utviklingshemming får helsetenester i heimen og tilgang til medisinsk undersøking og behandling;
- om brukarane får medverke i eigne tenester, om kommunen legg til rette for samhandling i og utanfor kommunen, og om kommunen hentar inn politiattest ved tilbod om tilsetjing.